

Laurdag 8. september avsluttar VESTLANDSFANDEN låvedanssesongen på Dønhauglåven. Det har dei også gjort dei to føregåande åra, begge gonger med full låve og topp stemning

I mai i år kom bandet med ny CD –“CURRAHEE”, den 15. i rekkja. Dette albumet inneheld mange gode allsonglåtar, og kanskje framtidige klassikarar som t.d “Våre barn”, “Båten til Brasil”, “Gud vil nok forstå” m.fl. som vil føya seg inn i rekkja med tidlegare hitlåtar som t.d. “Plukka plommer i Hardanger” og “For livets glade gutter går sola aldri ned” i tillegg til mange fleire. Alle signert av frontmann i bandet og låtskrivar REIDAR BRENDELAND.

Bandet har over 30 år bak seg på landevegen og er framleis like populært i alle aldersgrupper, frå dei yngste til dei langt opp i pensjonsalderen. Deira musikk står for ein særeigen norskspråkleg låtskrivartradisjon, og bandet blir rekna som nr 1 i Norge innan sjangeren folk-rock/country-rock.

Med Reidar Brendeland som frontmann, låtskrivar og primus motor i bandet, i tillegg til Ivar Woxmyhr på el-fele, Andreas Berg på gitar, Henrik Hilmersen på bass og Thomas Dulsrud på trommer, kan publikum sjå fram til ein flott musikkveld på Dønhauglåven.

Billettar er lagt ut på Statoil Husnes og SparUskedalen, evt. restbill. vil bli selde i porten.

Etter arr.slutt går det bussar både utover og innover i kommunen. Meir informasjon finn de på www.dønhaug.no og www.vestlandsfandedn.no

Magne Huglen